



Prosjektstyring Vest AS  
Arne Kristiansen  
Postboks 66  
5318 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/682 - 22/15626

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2022

## Svar på førespurnad av 23.02.2022

De viser til veiledninga til forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealformål og digitalt planregister. De skriv at næringsbebyggelse òg omfattar industri-, hånndsverks- og lagervirksomhet. Arealet er tenkt nytta til lagerverksemd, og de ser ikkje lenger noko grunn til å endre arealbruken.

Det er korrekt at arealformålet næringsbebyggelse kan omfatte lagerverksemd.

I denne reguleringsplanen kan det derimot tolkast som at det er N/IND/L01 som er det einaste formålet som skal nyttast til lager, slik denne planen er bygd opp. Administrasjonen ser det som mogleg, at ved ein framtidig byggesak, kan plantolking føre til at det vert problem med å få løyve til å bygge rein lagerverksemd i N/OPT01 og N/F/K02.

N/IND/L01 viser spesifikt til lager, medan dei to andre formåla viser ikkje spesifikt til lager.

Vidare viser planomtalen til næringsområdet under kapittel 8.4:

Området for næring/industri/lager (N/IND/L01) ligg sør og vest i planen og er om lag 54,5 daa. Området er i motsetnad til dei andre områda opna for industriføremål og rein lagerverksemd. Området ligg lengst frå fylkesvegen, men er knytt direkte til han med f\_KV02. Større og meir plasskrevjande aktørar vil kunne etablere seg her, mindre eksponert for omgjevnadane og frå fylkesvegen. Området har ei buffersone f\_LNFRN01 mot bustadar og fritidsbustadar sør for planområdet. Området kan delast i fleire tomter og tomtene kan verta knytt til f\_KV02, f\_KV03 eller f\_KV04, om naudsynt over f\_FT05. Utforminga skal anten vere med gjennomgåande fortau eller som avkøyrsl som kryss tilpassa den aktiviteten som avkøyrsla skal verta knytt til.

Dette forsterkar kva som har vore intensjonen med området i sin heilheit. Og forsterkar det faktumet at det ikkje er tenkt å etablere rein lagerverksemd i N/F/K02 og N/OPT01. N/IND/L01 opnar, i motsetnad til N/F/K02 og N/OPT01, for rein lagerverksemd.

Om ein hadde bygd ei forretning i N/F/K02 som treng eit mindre tilhøyrande lager, ville nok «næring» i dette formålet kunne ha opna for dette tilhøyrande lageret.

Å få løyve til rein lagerverksemd i N/OPT01 og N/F/K02 er ved administrasjonen sin tolking av planen, i strid med planen sin intensjon.

Sidan ein uansett skal gjennom ei planendring, vil administrasjonen sterkt råde til at denne reguleringsendringa òg må ta for seg ei endring i arealformål. Ved å gjere ei formålsendring for tomt 17, ser administrasjonen det som mogleg at de i stor grad kan forenkle seinare prosess ved byggesak.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lene Haug v/Liegruppen  
Prosjektstyring Vest AS

Postboks 66

5318

STRUSSHAMN